



Nynorsk mediesenter

Status 01. 10. 2005

Stolt nynorsk

Dyktig

Frodig

Framfus



Nynorsk mediesenter – ein stolt eittåring

Den 2. september 2005 var det eitt år sidan Nynorsk mediesenter vart opna av kulturminister Valgerd Svarstad Haugland. På denne tida er to kull med nynorskpraktikantar ferdige, det tredje er under opplæring og det fjerde er lyst ut. Kursverksemda "Munn og mæle" er og i godt gjenge. – Vi er stolte over det vi har fått til så langt, seier Magni Øvrebotten, leiar for Nynorsk mediesenter.

- Alt i første driftsåret har over 150 unge menneske søkt plass som nynorskpraktikantar ved Nynorsk mediesenter i Førde. Det viser at grunnlaget for større språkleg mangfald i norske media er til stades, og at den nye institusjonen trengst, sa kulturminister Valgerd Svarstad Haugland då ho talte under opninga av Dei Nynorske Festspela i Ørsta i juni.

Kulturminister Svarstad Haugland har heile tida vore interessert i korleis det går med Nynorsk mediesenter, og vi er spente på den nye kulturministeren.



Dagsnytt godt nøgde

NRK Dagsnytt har hatt ein nynorskpraktikant frå kvart kull i praksis, og sjefen for Dagsnytt, Per Anders Johansen oppsummerar slik:



- Vi har vært svært godt fornøyd med praktikantene fra Nynorsk mediesenter – Eli Vaage og Svein Ove Hansli - fordi: 1) De er talentfulle journalister, med brukbare samfunnskunnskaper og ideer. 2) De er trygge på form og publisering - gode stemmer. 3) Flinke til å lære seg nye verktøy 4) Gode på samarbeid.

Kort fortalt : Årets praktikanter fra dere har vært en berikelse for oss – og vi er godt fornøyd med deres innsats ! Nivået på deres praktikanter har vært høyere enn praktikanter fra andre utdanningsinstitusjoner, skriv sjefen for NRK Dagsnytt når han vert utfordra til å meine noko om røynslene med Nynorsk mediesenter så langt.

Det har vore lett å få praksisplassar til nynorskpraktikantane. Det fyrste kullet hadde ein månad ekstern praksis i NRK Dagsnytt, TV2-nyhenda i Bergen, PetreNÅ, Norgesglaset og NRK Møre og Romsdal. Frå det andre kullet la vi om til to månaders ekstern praksis, og praktikantane var i NRK Dagsrevyen/Dagsnytt, PetreNÅ/Parasoll, NRK i Telemark, NRK Hordaland og Nitimen/Reiseradioen.

Kappast om å skrive nynorsk



Maria Rivedal har arbeidd i P3 på Tyholt sidan ho var i P3NÅ i praksis i februar. Ho les nyhende i P3 og kan ikkje få fullrost kollegaene for den positive holdninga dei har til nynorsk. - Dei kappast om å skrive meldingar for meg på nynorsk, og mange av dei har vorte veldig gode til det, seier Rivedal.

På biletet sit Maria Rivedal i midten med dei gode hjelparane rundt.

- Dette er kjekt. På denne måten får bokmålsfolk både friska opp nynorsken sin og dei får eit meir variert og direkte språk sjølve, seier Magni Øvrebotten. - Det er rekna som sjølvsagt at nynorskfolk skriv meldingar til bokmålsfolk på bokmål, men det er diverre sjeldan at dei får

noko att på nynorsk. Det taper både bokmålet og det språklege mangfaldet på, difor håpar eg at P3 nyhende kan bli eit føredøme for andre redaksjonar, seier Øvrebotten.

Tredje kullet i god driv

Det tredje kullet med nynorskpraktikantar byrja 1. september 2005, og der går det tre gutar og to jenter. Dei er inne i ein intens opplæringsperiode før dei skal i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane, og har alt hatt dei fyrste sakene på lufta.

- Takksam for sjansen

Gisle Forland, frå Mosjøen i Nordland, 24 år : - Eg har alt lært veldig mykje. Dagane har vore hektiske og innhaldsrike, men og veldig morosame. Vi har prøvd oss både i radio – og fjernsynsproduksjon, og alle har fått saker på lufta. Eg er takksam for at eg har fått denne sjansen, og ser fram til å lære meir.



- Aldri lært så mykje

Marita Haugo, frå Nesbyen i Hallingdal, 23 år : - Me har berre vore her i ein månad, og eg trur aldri eg har lært så mykje på så kort tid før. Etter tre veker hadde eg mi første radiosak på lufta, og no skal me alt til og lære oss fjernsyn. Så her skjer ting fort.

- Alltid meir å lære

Håvard Hamnaberg, frå Vågsvangen i Nordfjord, 27 år: - Det skjer mykje og tida går fort. Det var kjekt å få sendt mi fyrste sak, men augneblinken vara ikkje lenge, - der er alltid meir å lære. Kvar dag gjev nye utfordringar, men også leik og moro. Det er og fint at vi vert godt mottekne i redaksjonen, som er ein god gjeng.



- Dette er gøy !

Karoline Kalstveit, frå Skjold i Rogaland, 21 år : - Ein måned har gått av tida mi på Nynorsk mediesenter, og kvar dag etter "jobb" går eg heim med ei kjensle av å ha lært noko viktig. Det har vore utruleg spanande, alt no kjenner eg meg sikker på at nynorsk er mitt språk og at det er journalist eg vil bli. Me har hatt utruleg flinke føredragshaldarar, og Geirmund og Randi gjer ein strålande jobb som lærarar. Dette er gøy !

- Ideell måte å lære journalistikk på

Sølve Rydland, frå Knarvik i Hordaland, 21 år: - Eg trur dette er den ideelle måten å lære journalistikk på. Me vert stadig kasta ut på djupt vatn, og kjem oss stort sett i land att. Om me ikkje greier det på eiga hand har med gode lærarar, som hiv ut ei redningsbøye og hjelper oss i hamn. Dagane som nynorskpraktikant er kjekke, innhaldsrike, og ikkje minst lærerike. Me har vorte godt mottekne, og vert tekne på alvor, stilt krav til og får alle mogelegheiter til å utvikle oss vidare.



- Både kjekt og utfordrande



Det er i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane praktikantane har fyrste læretida si, og skal "lære med å gjere det". Innslaga dei lagar skal sendast, og det er ingen liksom-øvingar. Gøril Grov **SørDAL** er ein av vaksjefane som styrer der :

– Det er både utfordrande og kjekt å få nynorskpraktikantar i redaksjonen. Utfordrande fordi dei er ferske i faget, noko som krev at eg både må oppmuntre, følgje dei opp og rettleie dei. Kjekt fordi dei er nyfikne, fulle av pågangsmot og ivrige etter å setje nyvunnen kunnskap ut i praksis.

Forventningane mine til det tredje kullet er store. Eg aktar å fungere som vaksjef for dei, ikkje som lærar. Ut frå erfaringane med dei to fyrste kulla reknar eg med at dei produserer TV-saker frå dag ein, seier Gøril Grov SørDAL.



- Kvar vart det av dei ?

Det andre kullet (3.1.–1.7.2005) er i arbeid og studerer. Det var ein flokk på fem unge jenter, der alle bortsett frå ei, ikkje hadde avslutta studiar. Dei rådde vi til å halde fram med utdanning, men skaffe seg arbeid som tilkallingsvikarar attåt.

Janne-Marit **Myklebust** (24 år) studerer engelsk ved Universitetet i Bergen, og er tilkallingsvikar i NRK Hordaland. Ho arbeidde både der og i NRK Sogn og Fjordane i sommar.

Ingebjørg **Bø** (28 år) har hovudfag i kulturstudiar, og har lurt på om ho skal satse på avis eller radio/fjernsyn framover. Ho var sommarvikar i Vest Telemark Blad i sommar, og er no tilkallingsvikar i NRK i Telemark.

Eli **Vaage** (21 år) studerer retorikk, kommunikasjon og spansk ved Universitetet i Oslo, og er tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt.

Birte Njøsén **Horne** (21 år) er vikar i NRK Sogn og Fjordane, der ho for det meste er programleiar for den sjølvkøynde morgensendinga frå 06.03 – 09.00.

Solveig **Hareide** (22 år) tok pause i studiane for å gå Nynorsk mediesenter, og vil fullføre eit mellomfag i medieproduksjon ved NTNU i Trondheim. I sommar var ho programleiar for det interaktive fjernsynsprogrammet "Parasoll" i NRK2, og ho har nyleg vore med på logging og klypping av ein Are og Odin-dvd på Tyholt.



Det fyrste kullet (1.9.2004-28.2.2005) er alle i arbeid i media, fire i NRK og ein i eit videoselskap. Svein Ove **Hansli** (28 år) er journalist i NRK Sogn og Fjordane, Eli **Bjelland** (24 år) i NRK Hordaland, Maria **Rivedal** (24 år) i P3 nyheter. Knut Åge **Teigen** (35 år) arbeider i videoselskapet Snøball, som nyleg laga ni filmar om matematikk for grunnskulen, på oppdrag frå Utdanningsdepartementet.

No skal dei lage filmar om naturfag. Inger Johanne **Sæterbakk** (24 år) har nett takka ja til eit vikariat i NRK i Finnmark, etter å ha arbeidd i Norgesglaset sidan ho var der i praksis.

- Kjekt å vere lærarar

Geirmund Henjum (47 år) og Randi Indrebø (39 år) er faglærarar i Nynorsk mediesenter, og begge er samde om at det er kjekt å vere lærarar for så lærevillige folk.



Henjum byrja i jobben i haust, etter vel eitt år som informasjonssjef i Lotteritilsynet. Før det arbeidde han som journalist og vaksjef i NRK Sogn og Fjordane frå 1983- 2004. Henjum har journalistutdanning frå Norsk journalistkule.

Randi Indrebø byrja som faglærer sist vinter, og har bakgrunn som fotograf/redigerar frå NRK Sogn og Fjordane sidan 1998, TV2 og videoselskapet Vest Vision. Ho har toårig medieutdanning frå Gimlekollen, og er cand.mag med studiar i sosiologi, sosialantropologi, adm.- og org.vitskap.

Dei to fyrste lærarane i Nynorsk mediesenter, Arild Nybø og Synnøve Hole, er delvis over i nye jobbar. Nybø er informasjonsmann ved sjukehuset i Førde, men skal frå nyttår av bli nettredaktør i lokalavisa Firda. Synnøve Hole er attende som journalist i NRK Møre og Romsdal, men fekk meirsmak på undervising då ho var her, og underviser no i fjernsyn ved høgskulen i Volda tre dagar i veka.

Gjестeførelesarane hausten 2005



Are Kalvø er ein av gjesteførelesarane også i haust

I tillegg til eigne lærarar og tilsette i NRK Sogn og Fjordane hyrer Nynorsk mediesenter inn gjesteførelesarar i ulike emne innan journalistikk, media og språk.

På lista over førelesarar hausten 2005 står mellom andre kjende NRK-namn som Linda Eide, Kari Sørbo og Are Kalvø (biletet), Solveig Barstad i TV2, Ingunn Solheim/Håvard Kleppa, Kanal24, og språkfolk som Ottar Grepstad, Jan Olav Fretland og Jon Peder Vestad, for å nemne nokre.

Nynorskpraktikantane besøker elles dei store mediehusa til NRK, TV2, P4 og Kanal24 i Oslo, NRK Møre og Romsdal og Aasentunet i Ørsta. Av nynorske kulturinstitusjoar er dei og innom Det Norske Samlaget og Det Norske Teatret med teaterstykket "Bikubesong". - Dei skal skjøne at nynorsk er meir enn eit språk, det er ein identitet, ein kultur og ei historie, seier Magni Øvrebotten.

Kurstilbudet "Munn og mæle"

Kursverksemda er den kommersielle delen av Nynorsk mediesenter, som skal skaffe inntekter til drifta av senteret. Løyvingane frå NRK skal *ikkje* brukast til kursverksemd.

Vi tilbyr kurs i medietrening, presentasjon, skriving for Internett og god nynorsk. Kursa skal marknadsførast under omgrepet "Munn og mæle", og tilbudet vert bygt ut stegvis etter kapasitet og etterspørsel. Gjennom kursa vil vi gje deltakarane kunnskap og trening i media og dialekt/nynorsk. Vona er at dei skal bli trygge og frimodige nok til å våge seg frampå i samfunnsdebatten, som vert meir og meir styrd av media.

Aktive journalistar kan ikkje halde kurs på grunn av fare for ugildskap. Difor må vi, i tillegg til oss sjølve, leige inn kurshaldarar alt etter kva kurs det er snakk om.



Førebels er det desse som held kurs i regi av Nynorsk mediesenter: Magni Øvrebotten, Geirmund Henjum, Jan Olav Fretland, Wenche Schanke Eikum, Inge Kjell Holme, Arve Sandal og Randi Indrebø. Også stallen av kurshaldarar vert bygt ut etter kvart.

Kurs fyrste driftsåret

Før jul skal vi ha kurs i skriving for Internett hjå *Fylkesmannen i Hordaland*, vere med på beredskapskurs for staben hjå *Fylkesmannen i Sogn og Fjordane*, kurse *Nynorsk forum* (leiarane i ulike nynorsktiltak) i presentasjon og media og ha kurs med *LO Stat* i Sogn og Fjordane i medietrening. *Tussa kraft* har alt ynskt seg nye kurs med oss, men vi kan ikkje ta på oss meir før nyttår.

Sidan starten i fjor har vi hatt to kurs for *Fylkesmannen i Sogn og Fjordane*, eitt i skriving for Internett, det andre i medietrening. Eitt kurs i medietrening for *Mattilsynet* i Sogn og Fjordane, kurs i presentasjon og medietrening for *Tussa kraft* på Sunnmøre og kurs i presentasjon for *Senterpartiets Hovedorganisasjon* i Oslo. Her er stikkord frå tilbakemeldingane på dei kursa vi har halde i 2005 :



Tussa kraft : - Vi er svært godt nøgde med både kursinnhald og kurshaldarar. Profesjonelt opplegg og profesjonell gjennomføring er vårt inntrykk. Vi kjem truleg til å tinge desse kursa årleg, skriv inf.sjef Lisbeth B. Myklebust.

Mattilsynet : - Spennande og lærerikt. Vi er svært godt nøgde med kurset, og meiner at utbyttet var stort. Kurshaldarane var engasjerte og dyktige, og skapte tillit og trygge omgjevnader, skriv leiar Rune Myklatun.



Senterpartiet : - Førstekandidatene på stortingslistene har svært variert bakgrunn. Noen er erfarne stortingsrepresentanter, mens andre er nye og usikre på utfordringene som venter dem. Jeg synst du balanserte de hensyn som bør tas til ulik bakgrunn på en god måte, skriv generalsekretær Dagfinn Sundsbø.

Vil du vite meir kan du gå inn på nettsida vår www.nynorskmediesenter.no

”Stolt nynorsk”

er visjonen til Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt.

Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode nynorskbrukande føredøme i etermedia. Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreing av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio og fjernsyn.

Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie - og samfunnsdebatten.



Bilete er frå opninga av Nynorsk mediesenter 2.sept. 2004. Frå venstre : Inger Johanne Sæterbakk, Svein Ove Hansli, Knut Åge Teigen, Eli Bjelland og Maria Rivedal. Bak dei står kulturminister Valgerd Svarstad Haugland, som opna senteret, og leiaren Magni Øvrebotten. (Foto: Hans T. Wiig, NRK)

”Dyktig - frodig – framfus”

Dette er dei verdiane Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere, og kva som skal prege både dei som arbeider her og dei som får opplæringa si ved senteret. Det skal vere kvalitet i alle ledd, slik at **dyktig** vert omdømet til Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein **frodig** tradisjon som Nynorsk mediesenter skal byggje vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere *dyktig* for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa, ein må vere litt **framfus** i den positive tydinga av ordet. Våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.



Journalist og humorist Linda Eide kåserte om livet som nynorsk-journalist på opninga.

Løvetanna

er bumerket til Nynorsk mediesenter. Det er grafisk designar Eva Hallaren som har laga det, og heile design-programmet til senteret. Ho arbeider i Gasta reklamebyrå i Sogndal, som er eitt av dei få reklamebyråa i landet som nyttar nynorsk.



Slike statusrapportar som dette lagar vi tre-fire av i året. Vi sender dei til ulike avdelingar og leiinga i NRK, til redaksjonar som tek mot praktikantar i praksis, journalistar, politikarar og andre som spør etter korleis det går med oss. Ynskjer du kontakt, sjå adresser og telefonnummer nedanfor.

POSTADRESSE:

Nynorsk mediesenter
Postboks 100
6801 Førde

BESØKSADRESSE:

Nynorsk mediesenter
NRK Sogn og Fjordane
Prestebøen 2
6800 Førde

TELEFON:

Leiar : 57 72 42 30
Faglærarar : 57 72 42 74
Sentralbord: 57 72 42 42
Telefaks: 57 72 42 75

E-POST:

nynorskmediesenter@nrk.no

NETT:

www.nynorskmediesenter.no

